

# Språkbruksplan for Hjelmeland kommune



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

**Vedteken av kommunestyret 02.10.25**

## 1 Innleiing

*Litt om kva planen inneheld og ikkje inneheld.*

*Eg meiner at Hjelmeland soleklart bør vera ein rein nynorsk - kommune. Dialekten i Hjelmeland ligg mykje nærare nynorsk enn bokmål, og eg tenkjer at nynorsk er ein viktig del av identiteten til kommunen.*

*(Anonym tilsett)*

Språkbruksplanen skal vera ein reiskap for alle tilsette og alle kommunale organ som skriv aktivt i tenesta.

Planen inneheld retningslinjer for kva skriftspråk me skal bruka og korleis me skal skriva klart og tydeleg.

Planen vurderer også omsyna til språkleg identitet, overordna språkpolitikk, den praktiske arbeidskvardagen til dei tilsette og mottakarane sitt behov for å forstå informasjon frå kommunen.

Planen går ikkje i detaljar om skriveformer. Det er tema i ein eigen språkrettleiar.

*Mange ansatte bruker ikke nynorsk til vanlig. Det blir derfor endel skrivefeil når vi skal bruke det som offisielt forvaltningsspråk.*

*(Anonym tilsett)*

## 2 Mål med planen

*Slik vil me at innbyggjarar og andre skal oppfatta det me sender til dei.*

1. Tilsette i Hjelmeland kommune skal bruka eit enkelt, klart, variert og brukarvenleg skriftspråk.
2. Språket skal vera i tråd med offisiell rettskriving, men ligga så nært vårt lokale talespråk som mogleg.
3. Tilsette i Hjelmeland kommune skal alltid ha mottakaren i tankane og tilpassa språket når dei skriv.

## 3 Bakgrunn

*Litt om tidlegare planar, vedtak, lovar og reglar.*

*Internkommunikasjon og saksutgreiingar kan vera valfritt, men vedtekne reglement, strategiar og planar må utarbeidast på det offisielle forvaltningspråket.*

*(Anonym tilsett)*

Hjelmeland kommune har ein språkbruksplan frå 1998. Det blei laga eit utkast til ein ny og enklare plan i 2022. Hjelmeland Mållag laga på eige initiativ eit utkast til ein målbruksplan i 2011.

Kommunestyret vedtok i desember 2023 at det skal lagast ein ny språkbruksplan.

Hjelmeland kommune har, i tråd med Språklova § 11, vedteke at administrasjonsspråket skal vera nynorsk.

Kommunen krev også, i tråd med Språklova § 15, at alle skriv kommunen mottar frå offentlege organ skal vera på nynorsk. Gjeldande språkbruksplan frå 1998 seier at «alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å bruka nynorsk skriftspråk i tenesta».

Skulane bruker også nynorsk som opplæringsspråk.

Alle dei tidlegare planane eller planutkasta legg vekt på at språket skal vera klart og forståeleg og tilpassa lesarar som ikkje har fagkunnskap. Klarspråk er også lovfesta i Språklova sin § 9.

*Om vi opnar for valfridom i delar av forvaltninga, vil det føra til at ein blandar dialekt, sms-språk, bokmål, nynorsk osv. Ein trenar på å skriva upresist og slurvete.*

*(Anonym tilsett)*

## 4 Språk som identitet

*Litt om dialekt, lokale tradisjonar og kva språkform me skal velja.*

*Nynorsk er under angrep frå overalt. Me skal ikkje sjølv hjelpa til med det.*

*(Anonym tilsett)*

Språket er ein viktig del av vår norske kulturarv. Dialekten er ein viktig del av den lokale kulturarven. Dialekten gir identitet og sjølvkjensle.

Det er naturleg at kommunen bruker nynorsk. Det er dette skriftspråket som ligg nærast opp til vår dialekt. Der det er valfrie former i nynorsk, bør me velja den forma som ligg nærast vårt eige talespråk.

*Det er mange fordelar med å skrive nynorsk, og ein bør ikkje slutte med noko bra fordi det er vanskeleg. Det er ikkje eit godt argument for å slutte med noko.*

*(Anonym tilsett)*

Mykje av grunnlaget for talemålet til barna blir i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er viktig at me har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadane. Tida i barnehagen og dei første skuleåra er særskilt viktige. Nynorsk og dialekt bør nyttast i størst mogleg grad i til dømes songar, opplesing og leik.

Lokal namnetradisjon skal speglast i namn på byggefelt, vegar og andre stadnamn. Skrivemåtar må også følgja Lov om stadnamn av 1990, revidert i 2019.

*Loven sier nynorsk og bokmål er likestilte språkformer, er usikker på om et vedtak i kommunen kan tvinge alle ansatte til å nytte en av disse.*

*(Anonym tilsett)*

## 5 Klarspråk

*Når me skriv, så skriv me ikkje for oss sjølve.*

*...det viktigaste må uansett vera at mottakar forstår budskapet. Fokus på KLARSPRÅK bør uansett koma høgst!*

*(Anonym tilsett)*

Hjelmeland kommune legg vekt på klarspråk i kommunikasjonen med innbyggjarar og andre me skriv til.

Klarspråk = språk som er tilpassa mottakarane. Mottakarane skal finna det dei treng og forstå det dei finn. Og bruka det dei finn til å gjera det dei skal.

Språket i dokument og annan kommunikasjon frå kommunen skal vera lett å lesa. Setningane skal vera korte. Når det er nødvendig å bruka faguttrykk eller vanskelege ord, skal det vera med ei forklaring som fortel kva dei betyr.

Mottakaren skal ikkje måtta leita for å finna ut kva dokumentet frå kommunen inneheld. Hovudbudskapet skal koma fram tidleg.

Tonen i kommunikasjonen skal vera korrekt, men personleg og hyggeleg. Teksten skal ikkje vera lenger enn han må vera, og strukturen skal vera logisk.

*Ønskjer at me skal kunne bruke ord og begrep som i andre deler av landet, og som er kjent for publikum. Eks. Mestringsenhet heller enn Meistringseining.*

*(Anonym tilsett)*

## 6 utfordringar

*Når me vel å bruka den eine av to flotte språkformer, så har det nokre konsekvensar. Så ærlege må me vera.*

*Jeg er på generell basis tilhenger av nynorsk som språk i kommunen, men jeg vil heller ha godt skrevet bokmål fra bokmålsbrukere enn elendig nynorsk fordi det er tvang. Litt pragmatisme er fint.*

*(Anonym tilsett)*

Hjelmeland kommune er ein nynorskkommune. Dei tilsette bruker nynorsk i all kommunikasjon til brukarar og innbyggjarar.

Nynorsk blir også brukt i det meste av saksbehandling og intern kommunikasjon.

### Ei utfordring for somme

Dei siste åra har kravet om bruk av nynorsk i praksis blitt lempa litt på. Årsaka er at somme tilsette meistrar bokmål betre enn nynorsk. Dei opplever at dei må bruka lang tid på å skriva saker på haltande nynorsk i staden for å skriva meir effektivt og forståeleg på bokmål.

Hjelmeland har mange innbyggjarar som kjem frå andre land. Kommunen har valt å tilby vaksenopplæring på bokmål. Det gjer det særleg utfordrande å forstå informasjon frå kommunen. Det er også ei utfordring for kommunale avdelingar å finna tolkar som kan setta om tekst frå nynorsk til ulike morsmål.

Kravet om nynorsk som administrasjonsspråk kan vera ei utfordring når kommunen skal rekruttera nye medarbeidarar.

Desse språkbarrierane må reduserast med konkrete tiltak.

*Som tilsett i kommunen opplever eg personleg ofte å måtte oversette dokument frå nynorsk til bokmål for at brukar skal forstå innhaldet.*

*(Anonym tilsett)*


*Språkform er et hinder for arbeidstakere som er nye i landet.*

*(Anonym tilsett)*

### Kva meiner dei tilsette?

Sitata som er attgjevne i planen er henta frå ei spørjeundersøking som blei gjort blant tilsette i kommunen vinteren 2025.

100 personar svara på undersøkinga.



51 prosent meiner kommunen bør halda fram som nynorskkommune. 36 prosent meiner språkforma bør vera valfri for dei tilsette. 13 prosent meiner Hjelmeland bør velja bokmål.

Samtidig seier 65 prosent av alle spurde at språkforma bør vera valfri i delar av forvaltinga, medan 35 prosent meiner alt må vera på nynorsk.

*Vår dialekt og identitet i Hjelmeland er nynorsk. Forstår ikkje kva som nå er endra slik at dette er blitt eit tema. Kva blir det neste...?*

*(Anonym tilsett)*

*Det brukes mye tid til å oversette fra godt skrevet bokmål til dårlig skrevet nynorsk. Å bruke dårlige verktøy for å oversette til en annen målform er tull.*

*(Anonym tilsett)*

## 7 Tiltak - slik gjer me det

*Slik skal me koma i mål med det me har skildra i planen.*

Det er alle leiarar sitt ansvar å sjå til at denne planen og tiltaka under blir følgde opp.

### Generelt

- Kommunen tilbyr årleg kurs og rettleiing i språkbruk for saksbehandlarar og andre som skriv i jobben sin
- I utlysing av stillingar skal det stå at nynorsk er administrasjonsspråk
- Kandidatar til ledige stillingar skal få informasjon om tiltaka i denne planen dersom språkform er ei utfordring for dei

### Språkform

- Hjelmeland kommune er ein nynorskkommune
- Me kommuniserer på nynorsk i elektroniske skjema, sakspapir, dokument og nettsider
- Me kommuniserer på nynorsk - og dels på dialekt der det passar å vera litt uformell - i sosiale medium
- Me kommuniserer på nynorsk i informasjon som skal nå alle eller ein stor del av innbyggjarane - som til dømes annonsar, skilt, pressemeldingar og sms-varslingar.
- Av omsyn til mottakaren, kan me bruka bokmål i kommunikasjon til einkilde personar eller mindre grupper når språkforma er ein barriere
- Språkforma er valfri i intern kommunikasjon
- Hjelmeland kommune skal ha som ambisjon å arbeida for at vaksne innvandrarakar får tilbod om nynorsk som opplæringspråk
- Kommunen skal arbeida for at interkommunale selskap og andre selskap der kommunen er deleigar, bruker nynorsk og medverkar til å fremja nynorsk

### Verktøy og hjelpemiddel

- Alle barnehagane og skulane i kommunen skal ha eit godt utval av nynorsk litteratur. Nynorsk og dialekt må brukast i størst mogleg grad i songar, rim, regler og leikar
- Kommunen oppdaterer språkrettleiaren for tilsette og ser til at den blir tilgjengeleg for alle
- Språkrettleiaren skal seia noko om val av skriveformer og godt språk, men også leggja til rette for at:
- Tilsette får tips om nyttige nettsider for skriving på nynorsk
- Tilsette som helst skriv bokmål, kan bruka verktøy som [apertium.org](http://apertium.org) for å setta om teksten til nynorsk
- Me bruker ikkje KI-verktøy til å generera tekst, men me kan ta i bruk verktøy for å strukturera tekst
- Tilsette skal gjerast kjende med kven i administrasjonen som er ressursperson (-ar) som dei kan be om språklege råd frå

### Klarspråk

- Me går gjennom dokumentmalane våre og vurderer om språket er tilpassa mottakarane
- Om dokumentet vårt er langt, vurderer me om alt må vera med
- Me ser til at hovudbodskapen kjem tidleg og tydeleg fram i dokumenta me skal senda frå oss